

# Årsmelding 2025

---



Fyresdal

# Sidetilvising

<b>Innleiing .....</b>	<b>5</b>
Utalssaker .....	7
Interkommunale samarbeidsprosjekt .....	8
<b>Stab og økonomi .....</b>	<b>10</b>
Innleiing .....	10
Året i hovudtrekk.....	10
Økonomisk resultat.....	10
Beredskapsarbeid .....	11
Investeringar.....	11
Generelle rekneskapsoversikter/finansrapport.....	11
<b>Sektor for kultur og oppvekst .....</b>	<b>16</b>
Innleiing .....	16
Året i hovudtrekk.....	16
Måloppnåing i forhold til mål i budsjett .....	18
Økonomisk resultat.....	19
Status for prosjekter i sektoren .....	20



<b>KOSTRA-tal og andre nøkkeltal for sektoren .....</b>	<b>32</b>
<b>Status for prosjekt i sektoren .....</b>	<b>33</b>
<b>HMS og sjukefråvær .....</b>	<b>33</b>
<b>Beredskapsarbeid og tilsyn .....</b>	<b>33</b>

## Innleing

I desember 2025 blei tomtene på Molandsmoen seld, og arbeide med opparbeidinga av datasentertomta starta. Forvandlinga av ei næringstomt i eit skogsområde til eit moderne næringsareal har starta. 2025 er starten på eit nytt industrieventyr i Fyresdal og vi er nå ein del av den 2. industrielle revolusjonen som skjer i Noreg.

Året har vært prega av førebuing til det som nå skjer borte på Molandsmoen. Det har vore gjennomført ein heil del aktivitetar opp mot det som nå skjer både politisk og administrativt. Det blei gjennomført ein heil dag med kommunestyret kor dei fekk moglegheit til å kome med innspel til kva som må gjerast i kommunen for å kunne ta imot ei slik stor industrisatsing og kva det vil bety for lokalsamfunnet.

2025 har også vore eit år som har blitt påverka av den globale situasjonen med krig og internasjonal uro. Dette påverkar oss lokalt med høg prisvekst og høge straumprisar med stor variasjon gjennom året. Lønsutviklinga i 2025 var på nivå med 2024. Høg rente påverkar dei fleste, også kommunane, men her er Fyresdal i ein særstilling med sær låg lånegjeld. Renteutviklinga påverkar difor dei kommunale driftsbudsjetta i liten grad.

Det er likevel slik at Fyresdal kommune har eit høgt driftsnivå i forhold til budsjett. Formannskapet valde også i fjor i budsjettprosessen å leggje inn 5 millionar for å unngå dei store driftsmessige endringane i tenestene. Formannskapetets grunngjeving for å ikkje gjere endringar i drifta i 2026, er forventningane ein har til auka inntekter i samband med etablering av datasenter på Molandsmoen.

Som en følge av krigen i Ukraina tok Fyresdal kommune imot 16 flyktningar med kollektiv beskyttelse.

Turistsesongen 2025 må ein kunne seie at var ein suksess også i år. Talet på besøkande gjekk ned til 46 000, som er ein forventa nedgang. Tiltak som lokalbu, sommarkafe og landsbyovernatting er med på å skape Fyresdal til ein god turistdestinasjon saman med lokalt næringsliv og overnattingstilbod.

Kulturhuset er nå heilt ferdig. Storsalen var ferdig i fjor og nå er foaje med toalett også på plass. I november blei det arrangera ein flott offisiell opning med lokale utøvarar og profesjonelle kunstnarar frå Fyresdal og Vest-Telemark-.

Århusjordet er nå ferdigstilla, og klar for bustadbygging. Av andre store investeringsprosjekt i 2025 kan nemnast ein betydeleg oppgradering av kommunale vegar.

I 2025 blei det inngått to nye vertskommuneavtaler. Den første var med Vinje kommune om samarbeid kring PPT. Den andre var med Larvik kommune kring samarbeid om norskopplæring av flyktningar og vaksenopplæring.

Folketalet har i 2025 auka med 18 personar. Ved årsskifte var det 1274 innbyggjarar i Fyresdal.

Takk til alle som har vist vilje til å få til vekst i Fyresdal i 2025.

Ulf Pedersen


Kommunedirektør

## Folketalsoversikt

Tekst	2022	2023	2024	2025	Prognose 2050
<b>Folketal pr. 31.12.</b>	1224	1253	1256	1274	1313
<b>Fødde i året</b>	7	10	11	10	
<b>Døde i året</b>	16	15	11	21	
<b>Innflytting</b>	93	93	71	70	
<b>Utflytting</b>	59	57	71	41	

Tabell 1. Folketall

## Politisk organisasjonskart 31.12.2025



Figur 1. Politisk organisasjonskart

Kommunestyret er sammansett av 17 representantar, 9 frå Arbeiderpartiet, 8 frå Senterpartiet.


Kjønnsfordeling er 11 menn og 6 kvinner.

## Utvalssaker

Utval	2021	2022	2023	2024	2025
Kommunestyret	68	106	127	103	84
Formannskapet	41	87	71	65	78
Administrasjonsutvalet	9	18	7	6	5
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg	34	36	44	38	46
Hovudutvalet for plan og miljø	31	66	52	45	51
Klagenemnda	-	-	-	-	-
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	12	17	16	18	19
Valstyret	6	-	9	-	5
Valnemnda	4	12	16	5	5
Arbeidsmiljøutvalet	10	21	13	10	16
Kontrollutvalet	29	30	31	29	26
Ungdomsråd	25	17	17	17	25
Omstillingsstyret	17	22	13	-	-

Tabell 2. Utvalssaker

## Administrativt organisasjonskart 31.12.2025



Figur 2. Administrativt organisasjonskart

## Interkommunale samarbeidsprosjekt

Samarbeidsprosjekt	Organisasjonsform	Deltakarar	Kommunen sin representant pr. 31.12.2025
Renovest – styret	IKS	Seljord, Vinje, Kviteseid, Tokke, Fyresdal	Kjersti Bergland
Renovest – representantskapen			Elise Lauvrak Robert Libjå
Barnevernssamarbeidet	Kviteseid er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	
Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT	Vinje er vertskommune	Vinje, Tokke og Fyresdal	
Legevaktstelefon	Arendal er vertskommune	Nissedal og Fyresdal + kommunar frå Agder	
Vest-Telemark Brannvern	IKS	Vest-Telemark kommunane	Nils Kristian Moe
Interkommunalt arkiv, IKA Kongsberg – representantskapen i IKA	IKS	Kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV)	Liv Nærum
Vest-Telemark Tinget		Vest-Telemarkkommunane	Formannskapet Kommunedirektør
Vestfold og Telemark revisjon IKS	IKS	Kommunane i Vestfold og Telemark	Kjell Sverre Thoresen
Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat – representantskapen IKS	IKS	Kommunane Vestfold, Telemark og Agder	Kjell Sverre Thoresen
Krisesenteret i Telemark	Skien er vertskommune	Alle i Telemark, bortsett frå Notodden	
Sør-Øst 110	IKS	Alle i Vestfold og Telemark	Nils Kristian Moe
Jordmorsamarbeid	Vinje er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	

Psykologteneste/Rask Psykisk helsehjelp	Seljord er vertskommune	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Tokke	
Kraftkompetanse KO	Vinje er vertskommune	Vest-Telemark kommunane, Hjartdal, Tinn og fylkeskommunen	Elise Lauvrak
Norskundervisning	Larvik er vertskommune	Fyresdal	
Sosialtenesta/ NAV-Vest-Telemark	Tokke er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	
Drift av datasystem/telefoni	Vinje er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	

Tabell 3. Interkommunale samarbeidsprosjekt

### Sosialtenesta/NAV

Nav er samla med felles administrasjon for Vest-Telemark og leverer eiga årsmelding.



### Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark (BVS)

Samarbeidet leverer eiga årsmelding.

# Stab og økonomi

## Innleiing

Sektoren omfattar alt av politisk arbeid, administrativ leiing og støttefunksjonar, næringsarbeid, integreringsarbeid, vaksenopplæring og oppfølging av NAV

2025 har vore eit år sterkt prega, både politisk og administrativt, av etablering av datasenter på Molandsmoen. Det er lagt ned mykje arbeid for å vere så godt forberedt som mogleg til at ein aukar folketalet i bygda til det doble over ein periode.

## Året i hovudtrekk

Både politisk og administrativt har det vore arbeid mykje med planlegging og konsekvensutgreiingar av datasenteretablering.

Det har blitt gjennomført stortingsval med ein oppmøteprosent på om lag 80%.

Gjennom året har vi teke imot 16 nye flyktningar. Kommunestyret gav løyve til mottak av 20 stykker men IMDI nedjustera kvota til Fyresdal til 15 stykker i løpet av året. Det har vore familiegjenforening i tillegg til kvota.

Prosjektet med Larvik Læringscenter om gjennomføring av norskopplæring digitalt vart avslutta i 2025. Vi har nå ei ordinær vertskommuneavtale med Larvik kommune for å fortsette dette gode arbeidet. Denne avtale blei godkjent i begge kommunestyra i juni.

Det har blitt arbeid med fortsatt digitalisering av arbeidsprosessar både på administrativt og politisk nivå. Det er innført nytt system, Kaukus, for gjennomføring av kommunale møter og Web-overføring av kommunestyremøte.

Vi har fått fleire system til «å snakke saman» for å kunne gjenbruke data som er registrerte ein plass. Det har vore noko innkøyringsutfordringar men ein ser likevel resultat på innspart arbeidstid.

Arbeid med turisme og næringsarbeid har hatt eit aktivt år. Hamaren Aktivitetspark er framleis ein turistmagnet som trekker mykje turistar, spesielt i løpet av sommarmånadene. Turistinformasjon og storkiosk har vore i drift i næringsshagen gjennom heile sommarsesongen.

Næringsfondet har fått påfyll med nokre millionar ekstra i løpet av året. Det har vore mykje aktivitet i næringslivet og det har blitt innvilga og utbetalt meir i tilskot enn på mange år.

## Økonomisk resultat


Negativt avvik i forhold til budsjett utgjer i overkant av 7 millionar og skuldast premieavvik.

Ordinær drift i sektoren ligg i tråd med ramma. Næringsarbeidet har krevd mykje midlar og ressursinnsats gjennom året og har eit høgare driftsnivå enn budsjett. Det har kome ekstraintekter i sektoren som dekker dette

## Inntekt og utgifter

	2023	2024	2025
<b>Utgift</b>	19 841	58 555	48 115
<b>Inntekt</b>	7 581	24 326	23 030

Tabell 4. Inntekt og utgifter i tusen



## Beredskapsarbeid

Det har vore gjennomført revisjon av overordna ROS, årleg revisjon av planverk og beredskapsråd med fleire interne og eksterne aktørar.

## Investeringar

Totale investeringskostnader vart på 20 millionar kroner, noko over budsjettera ramme.

Det har blitt arbeid med ferdigstilling av infrastruktur for nytt bustadfelt i sentrum, rehabilitering av Kulturhuset og opprustning av kommunale vegar som dei største prosjekta i år.

Det er også gjort oppgradering av signalanlegget på POS, laga eit lydtekt rom og oppgradera kjøleanlegget på POS. To bilar har vi kjøpt ut etter utløp av leasingperioden.

I tillegg har det blitt kjøpt areal ved Hagedalshavet, der skytebanen ligg i dag.

## Generelle rekneskapsoversikter/finansrapport

Rekneskapen for 2025 viser eit netto driftsresultat på 17, 8 millionar (6,8%) mot eit budsjettera på 28,5 millionar(11,4%). Avviket skuldast i meirforbruk på utgiftssida. Dette er både løn, pensjon og kjøp av andre tenester. Det har gjennom året vore fokus på budsjetterammer for dei enkelte sektorar/avdelingar men ein har ikkje heilt kome i mål når det gjeld å halde tildela rammer. Sjølv med auka inntekter har ein ikkje klart å halde utgiftssida på tilsvarande nivå. Resultatet av dette er at ein ikkje får avsett så mykje til disposisjonsfond som ynskjeleg.


Disposisjonsfond utgjer pr. 31.12. om lag 13 millionar. I tillegg så er det avsett til bundne driftsfond om lag 13 millionar.

Overforbruket på 17,2 millionar frå 2024 vart dekt inn i sin heilhet i 2025.

## Budsjett og rekneskap pr. sektor

Ansvar		Økonomi og stab	Helse og omsorg	Kultur og oppvekst	Plan og teknikk	Felles	
Oppr. Budsjett	Driftsutg.	36339	74966	55528	42465	46734	256032
	Inntekt	17466	19530	6379	25713	186944	256032
	Netto	18873	55436	49149	16752	-140210	0
Justert budsjett	Driftsutg.	35311	76288	60082	49765	66088	287534
	Inntekt	17466	19788	8611	30123	211546	287534
	Netto	17845	56500	51471	19642	-145458	0
Rekneskap	Driftsutg.	48115	78594	65079	52171	48674	292633
	Inntekt	23030	19544	12612	29964	207483	292633
	Netto	25085	59050	52467	22207	-158809	0


Tabell 5 Budsjett og rekneskap pr. sektor



## Gjeld og fond

	31.12.2023	31.12.2024	31.12.2025
<b>Sum Fond</b>	34 674 101	30 117 740	25 747 279
<b>Sum Gjeld</b>	85 965 546	88 174 471	87 757 519

Tabell 6. Gjeld og fond



Tabell 7. Gjeld og fond

## Bruk av kommunedirektøren sin investeringspott:

I budsjettet er det sett av to millionar kroner som kommunedirektøren kan prioritere til mindre tiltak/investeringar som kjem opp i løpet av året – i 2025 er det fordela slik:

Bruk av kommunedirektøren sin investeringspott	
Vaskemaskin/Tørketrommel POS	330000
Signalanlegg POS	295000
IT-utstyr skulen	125000
Flytte HSPL	60000
Låsesystem medisinrom POS	65000
Utkjøp to bilar	500000
Elbilladere kommunale bustader	150000
Kompressor Symjehallen	175000
Oppussing POS/Helsehus	300000

Tabell 8. Kommunedirektørens million

## Vedtak i næringsfondet:

Tilskot frå næringsfondet fordela – her kjem også utbetalte tilskot som er innvilga frå omstillingsstyret og utbetala i 2025.

Tiltak	Sum
Tilskot til nyetablering	240 000
Investeringstilskot	2 493 000
Diverse prosjekt	586 182
<b>Totalt</b>	<b>3 319 182</b>

Tabell 9. Vedtak i næringsfondet

## Tilskot:

Utbetalinger i regelbundne tilskot gjennom reglar for tilskot frå Fyresdal kommune.

Tilskot	2022	2023	2024	2025
Private kloakkanlegg	75 000	30 000	30 000	90 000
Mijøtiltak	0	0	40 000	20 000
Private vegar	155 800	247 960	278 000	266 480
Lønstilskot sommararbeid	199 680	241 229	171 742	107 607
Oppkøyring av skiløyper	70 000	80 000	80 000	80 000

Tabell 10. Tilskot

## Finansrapportering

Likvide midlar	Beløp pr. 01.01.	Beløp pr. 31.12.	Rente/avkast	Rentesats
<b>Bank:</b>				
<b>Sparebanken Sør</b>	19 251 101	26 291 295	1 171 645	4,47
<b>Pengemarkedsfond:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Renteberande verdipapir:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Rentereferanseindeks</b>				
<b>NIBOR 3 mnd</b>	4,19			

Tabell 11. Finansrapportering (1)

Gjeld:	Restlån	Rentesats:	Innfrielse	
<b>Flytande rente:</b>				
<b>Husbanken</b>	245395100	179 379	4,1	01.04.2033
<b>Husbanken</b>	245395110	487 500	4,1	01.05.2032
<b>Husbanken</b>	245395111	425 000	4,1	01.05.2034
<b>Husbanken</b>	245395112	1 025 000	4,1	01.05.2046
<b>Husbanken</b>	245395113	1 350 000	4,1	01.05.2048
<b>Husbanken</b>	245395114	1 200 000	4,1	01.12.2049
<b>Husbanken</b>	245395115	1 633 326	4,1	01.04.2050
<b>Husbanken</b>	245395116	2 850 000	4,1	01.06.2054
<b>Husbanken</b>	245395117	3 933 333	4,1	01.07.2055
<b>Kommunalbanken</b>	245355102	4 833 284	4,85	01.07.2040
<b>Kommunalbanken</b>	245355103	15 000 000	4,85	20.06.2040
<b>Kommunalbanken</b>	245355104	4 000 000	4,85	09.06.2035
<b>Kommunalbanken</b>	245355105	10 625 000	4,75	31.12.2059
<b>Kommunalbanken</b>	245355106	1 820 000	4,85	31.12.2039
<b>Kommunalbanken</b>	245355107	3 459 960	4,85	20.09.2041
<b>Kommunalbanken</b>	245355108	3 150 000	4,85	20.09.2061
<b>Kommunalbanken</b>	245355109	2 384 980	4,85	09.09.2052
<b>Kommunalbanken</b>	245355110	2 850 000	4,85	08.12.2063
<b>KLP</b>	245355201	3 600 000	4,83	01.12.2035
<b>KLP</b>	245355203	5 425 000	4,83	09.12.2057
<b>KLP</b>	245355204	6 320 000	4,83	20.12.2059
<b>KLP</b>	245355205	2 268 750	4,83	20.12.2058
<b>KLP</b>	245355206	5 504 822	4,83	12.10.2051
<b>KLP</b>	245355207	3 432 185	4,83	08.11.2044
<b>Fast rente:</b>				
<b>Ingen lån</b>				

Tabell 12. Finansrapportering (2)

## Personalarbeid i Fyresdal kommune

Statestikk (KLP)					Statistikk (SPK)				
	2022	2023	2024	2025		2022	2023	2024	2025
<b>Årsverk</b>	118	120	132	138	<b>Årsverk</b>	20,2	23,7	23,5	24,5
<b>Tal tilsette</b>	196	208	239	234	<b>Tal tilsette</b>	26	27	27	27
<b>kvinnedel</b>	80,1	75,6	70,89	72,63	<b>Kvinnedel</b>	84,6	83,5	81,4	77,77
<b>Snittalder</b>	43,92	43,56	42,44	42,81	<b>Snittalder</b>	44,23	42,76	43,82	48,18
<b>Gj.snitt deltid i %</b>	69,3	69,5	65,24	63,55	<b>Gj.snitt deltid i %</b>	85,4	88,6	87,77	90,9

Tabell 13 Personalarbeid KLP og SPK

## Sjukefråvær

	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Sjukefråvær</b>	6,73 %	8,07 %	7,66 %	8,75%	7,96%

Tabell 14. Sjukefråvær

### Seniorpolitikk

Vi har ei ordning med 2 veker fri med løn for tilsette over 64 år.

I år var det teke ut 20 fridagar av tilsette over 64 år.

### Lærlingar

Gjennom året har det vore 3 lærlingar;

Alle i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Alle lærlingar var ferdige i løpet av året.

Ved utgangen av året har vi ikkje lærlingar.

### Etisk standard

Kommunen har etiske retningslinjer som er ein del av dei personalpolitiske retningslinjene (PPR).

PPR blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett og i Compilo.

### Bedriftshelseteneste

Vi har avtale med Bedriftshelsen AS. Bedriftshelsetenesta har ei fri og uavhengig rolle, og er ein del av organisasjonen si kvalitetssikring av HMS-arbeidet.

Alle tilsette er tilmeldt i ordninga.

Betalingsordninga er basert på ein fastpris per tilmeldt og tillegg for oppdrag, time for time.

### Likestilling

Ved tilsettingar blir det om søkjarane elles stiller likt, prioritert menn i kvinnedominerte yrke og kvinner i mannsdominerte yrke.

Ved lokale lønsforhandlingar prøvar vi også å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling.

# Sektor for kultur og oppvekst

## Innleiing

Sektoren har arbeidd vidare med etterslepet i 2025 og klart å redusere ein del. Godt arbeid med rutinar, struktur og ansvarsfordeling gav oss eit anna handlingsrom i drift.

Arbeidet med oppvekst er krevjande å manøvrere i, då mykje av arbeidet er direkte styrt av lovverk. Medverknadsprosessar, rapportering og dokumentasjon tek mykje av tida, men likevel har alle avdelingane klart å balansere drift med omstilling og prosjektarbeid. Samtidig har leiarane i sektoren hatt fokus på relasjonelt samarbeid og kapasitetsbygging.

I løpet av 2025 var nytt samarbeid med pedagogisk psykologisk teneste (PPT) i gang. Samarbeidet har fungert godt og i løpet av hausten har vi allereie sett utvikling. Det tverrfaglege og førebyggjande arbeidet fungerer.

2025 har vore eit krevjande år i omstilling, men ein byrjar å sjå resultat av både arbeidsmiljø, tilpassa opplæring, færre vedtak, betre miljø for barn og unge, fleire elevane nyttar klubben og "Laget rundt barnet" fungerer på fleire nivå.

Vi har klart å fått inn ny energi og kunnskap og vi ser nå ein sektor som er i utvikling og i tråd med nasjonale forventningar.

Vi har i løpet av dei siste åra gjort oss mange erfaringar og er klare for arbeidet framover.

Sektoren har skrive 33 politiske saker i 2025.

## Året i hovudtrekk

Sektoren ynskte å prioritere tre viktige områder framover i gjennom måla sine og har hatt god framgang i fleire av desse. Arbeidet held fram i 2026, men i ei ny form.

I mars 2025 gjennomførte barnehagen ei foreldreundersøking med ein svarprosent på om lag 70%. Samla sett viser resultatata at foreldra har ei god oppleving av barnehagetilbodet. Resultatet frå heilskapsvurderinga hadde eit gjennomsnitt på 5,2 av 6 moglege poeng.

Skulen heldt fram med rapportering til formannskapet heile 2025. Det har vore både krevjande og spennande.

Barnevernssaker har auka i omfang og alvorsgrad.

Skulemiljøsakene har auke dei siste åra, men med systematisk arbeid av rutinar og struktur, skulemiljøteam og vridning til målretta førebyggjande arbeid har talet på saker gått ned.

Barnehagen jobba også førebyggjande og har både gjennom samarbeidet med PPT og prosjekt fått ny kunnskap og skapt ny metodikk og verktøy i arbeidet med tidleg innsats.

Biblioteket har utvikla fleire nye tiltak. Sommarles-kampanje for barn låg nest høgast på oppslutning i Telemark.

### Tabell for ulik aktivitet og utvikling.

Sektoren har utvida tabellen etter sist årsmelding, for å vise aktivitet og tal på ein enkle måte. Ny registrering viser kun talmateriale tilbake til 2024 eller 2025.

Oversikt over tilbud	2023	2024	2025
Elevar i skule	147	139	138
Barn i barnehage	46 barn/ 55 plassar	42 barn/59 plassar	44 barn/58 plassar
Elevar i kulturskule	31	43	32
Tall på elevar i SFO	19	35	40
Besøk kulturhuset			8 159
Fyrstegongslån i biblioteket	10 882	7 913	8 087
Fornyng av lån i biblioteket	788	1 749	1 282
Besøktal Bibliotek	4 362	6 320	8 000
Besøk meirope bibliotek		911	3 621
Oppslutning sommarles	50,9 %	60 %	61,8%
Klubbkveldar			82
Onsdagsmiddagar			1 600
Fredagsmat			800
Oppmøte onsdagsklubb			60
Oppmøte fredagsklubb			37
Skulemiljøsaker		17	10
Barnehagemiljøsaker			4
Besøktall kino	484	744	963
Kino - antall dagar/filmar	12/24	10/20	18/36

Tabell 15. Tilbod og personar som brukar tilbodet

## Måloppnåing i forhold til mål i budsjett

### Mål 1 med underpunkt:

Sektoren skal ha ein gjennomgang av struktur og organisering.

- Sektoren skal sjå på organisering knytt opp mot oppgåver, ansvar og få ein oversikt over planverk, avtaler, internkontroll. Kva er på plass/kva er ikkje på plass
- Behov knytt opp til ressursbruk / tilgjengeleg ressurs
- Rett kompetanse på rett stad
- Gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking på Gimle
- Vi må lage oversikt over behov for kvar avdeling, kva skal prioriterast – kva vurderingar trengs
- Ta i bruk alt i fagprogrammet Visma

### Slik jobbar vi mot målet:

KS-konsulent gav oss i 2024 ei oversikt over planverk, avtaler og internkontroll som sektoren må ha kontroll på, men vi har ikkje hatt kapasitet til å arbeide vidare med systematikk og internkontroll i 2025, då arbeid med omstillinga og prosjekt har teke det meste av tida.

For å sikre kompetanse har to tilsette i barnehagen starta på barnehagelærarutdanning. Det er ei meir berekraftig rekruttering av kompetanse å utdanne eigne tilsette. Spesial pedagogisk koordinator er sertifisert for Logoskartlegging. Desse ligg til grunn for dysleksistadfestingar. Skulen starta eit omstillingsarbeid, der ein utvida funksjonen som spes.ped koordinator (frå 20%-43 %) for å arbeide etter lovkrava, koordinere samarbeid i sektoren og samarbeidet med PPT, samt sette fokus på tidleg innsats. Tiltaket med IT-arbeider (30 %) skapte betre trivsel og hjelp i dei digitale systema og gav arbeidskapasitet andre plassar.

Med eksterne midlar til skulemiljøteam fekk vi også på plass skulemiljøarbeider i 100 % stilling, (eksterne midlar dekte ca 50 %) og eit skulemiljøteam, som jobbar på tvers av avdelingar og inkluderer oppvekst, helse og kultur.

Rektor har eiga oppfølging- og utviklingstid med alle fagarbeidarane. Dette gir gode tilbakemeldingar på inkludering og trivsel.

Eit anna nødvendig tiltak var å tilsette over ramma, for å sikre nok tilsette i skuleåret 2025-2026. Det var ein klok og bevisst avgjerse, då fråværet auka på slutten av året. Auken gav då ikkje fleire tilsette, men skulen hadde iallfall tilsette å sette inn der det mangla.

Samla årstimar gitt av undervisningspersonale er 1375 timar høgare enn i 2024, grunna fleire godkjente pedagogar.

Ein nyttilsett lærar har delteke på rettleiingsordninga for nyttilsette i Vest-Telemark. Dette er viktig for å bealde, rekruttere, tryggleik og danning av eiga rolle.

Inspektøren gjennom tre år gjekk over til anna kommune og stillinga vart lyst ut. Skulen valde og ikkje tilsette og ein lærar vart konstituert fram til nyttår.

### Mål 2 med underpunkt:

Barn og unge skal oppleve eit godt og inkluderande oppvekstmiljø som fremmar tryggleik, læring, trivsel og helse

- Gjennomføre Absolutt programmet 2024-2025 - Gje skuleeigar meir kunnskap om sektoren
- Vidare arbeid med Kompetanseløftet 2024-2026 - kompetanseheving for alle tilsette
- Læringsmiljøprosjektet – kompetanseheving i trygt og godt barnehage- og skulemiljø, plan, rutinar og malar

### Slik jobbar vi mot målet:

Kompetanseløftet og Læringsmiljøprosjektet har vore svært omfattande og krevjande å arbeide med. Dei er lite tilpassa og krev store mellomarbeid mellom samlingane. Skulen måtte på eit tidspunkt prioritere å arbeide med kun delar av prosjekta. Dei ser likevel ei auke i kompetanse på trygt og godt skulemiljø, samt bruk av nye verktøy. Barnehagen har jobba målretta med prosjekta

og fått gode resultat i form av styrka fagleg kompetanse hos dei tilsette, betre relasjonar og eit meir inkluderande læringsmiljø.

Absolutt oppvekstprogrammet vart avslutta i januar. Programmet skulle gi innsikt i kva som verkar inn på barn og unge si læring, utvikling, trivsel og tilhøyre.

Med dette som utgangspunkt sikra programmet at kommunen fekk jobbe med det som var relevant for sin kommune. Kompetansen vi fekk har resultert i eit tverrfagleg og systematisk førebyggjande arbeid «Laget rundt barnet» og ei betre samhandling mellom politikarar og administrasjon.

Kulturskulen har lagt til rette for brukartilpassa opplæring for å fremje inkludering og meistring for fleire. Det opprette songgrupper på småsteget med ressursar frå kulturskulen, det er song for flyktningar, og tilbod i barnehagen.

### Mål 3 med underpunkt:

Førebygging skal prege sektoren sitt heilskaplege arbeid for barn og unge

- Foreldrestøttande arbeid (rettleiing) og tidleg innsats i heile sektoren.
- Miljøarbeid i heile sektoren
- Tverrfagleg arbeid i sektoren og med dei andre sektorar

### Slik jobbar vi mot målet:

Sektoren, saman med helsesjukepleiar og førebyggjande/SLT har fått på plass eit systematisk førebyggjande arbeid med fokus på barnets beste.

Dette samarbeidet gjorde også at ein tok tak i hverk på skulebygningen på ein ny og betre måte. Det vart samarbeid med både helse og teknisk drift. Tema blei på ny teke opp med føresette og elevar og hverket vart meldt til politiet. På slutten av 2025 såg vi nedgang av hverk.


I løpet av 2025 tok to tilsette frå barnehagen COSP utdanning og var med i tverrfagleg foreldrerettleiingskurs i 2 omgangar. Kursa var fulle og tilbakemeldinga er bra. Dette var også eit av måla i Absolutt oppvekst programmet.

Ungdomsklubben har fokus på inkludering og trivsel vore jobba med kontiunerleg og er nok med på å vise deltaking og behov for ein plass og vere og ete saman. Klubben har eit stabilt og fagleg godt miljø.

## Økonomisk resultat

	2023	2024	2025
<b>UTGIFT</b>	61112	62768	65079
<b>INNTEKT</b>	9284	9785	12612

Tabell 16. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 3. Inntekt og utgifter i tusen.

Ulike tiltak i omstillingsarbeidet til skulen gjorde at ein fekk eit overforbruk på løn. Barnehagen hadde eit underforbruket på løn, grunna nedgang i barnetall. Kultur har vore i balanse. Dette gav til slutt sektoren eit årsresultat på eit overforbruk på 1 million.

## Status for prosjekter i sektoren

Kulturavdelinga jobbar mykje prosjektbasert, også i samarbeid med andre avdelingar og sektorar, slik som næring, helse og frivilligsentralen.

I 2025 har kultur arbeidd med prosjekt som dagsturhytte, friluftsbad og rullepark

Meiropent bibliotek gjev ein større fleksibilitet for brukaren og noko meir ryddetid for tilsett, men alt i alt er det ei veldig god ordning og noko sektoren kjem til å utvikle vidare.

Biblioteket har hatt ei stor utvikling i 2025 og blitt ein viktig lågterskel møtearena. For utanom vanleg opningstid og meirope er det lesesirkel ein gong i månaden (som regel utan bibliotekar). Det har også vore to forfattararrangement og 1 arrangement saman med bygdekvinnelaget med presentasjon av nye bøker og quiz.

For barn har biblioteket byrja med «Tøyveskebibliotek» for 4-5 åringane i barnehagen. Vesker med til saman 80- 90 bøker blir bytt mellom barna. Prosjektet skal utvidast til 1-3 åringar i 2026.

Det blir arrangert barseltreff ein gong i månaden med bokpresentasjon eller besøk av helsesyster og småbarnstreff 1-3 år ein gong i månaden med høgtlesing eller song

Elles har biblioteket utvida opningstid for barnehagen og meirope til ungdomsskulen som ei prøveordning, hatt "les og lag" frå 6 åringane og opp til 6. klasse fleire gonger. Dei har også hatt Halloweenkveld med høgtlesing og diverse aktivitetar til mellomsteget

Kulturhuset:

Prosjektet er fullført med offisiell opning i november, saman med lokale aktørar.

Kulturhuset blir tatt i bruk på ein anna måte ein før, der er fleire arrangement, det er lett å ta i bruk til både store og små arrangement. Huset blir drifta svært kostnadseffektivt med tanke på booking, lyd og og ljós. Statistikk er vanskeleg å måle både på kinobesøk og arrangement, då vi hadde pandemi i perioden 2020-2022, og etter det ombygging som gjekk over to år, og krevde delvis nedstenging i perioder. Tala på kino for 2025 viser likevel ei klar auke i besøkstal.

## 10-FAKTOR-undersøkinga – verktøy for betre arbeidsmiljø

Avdelingane gjennomførte undersøkinga og har laga målsettingar for vidare arbeid.

## Arbeid med digitalisering

Tiltak som IT-arbeider på skule har gjort at ein har nytta dei digitale systema på ein betre måte.

Integrasjon frå VISMA til lønssystemet er gjennomført for både barnehage og skule.

Teams blir nytta som informasjonsplattform.

## HMS og sjukefråvær i sektoren

Skule og barnehage hadde også våren 2025 eit for stort fråvær. Samarbeidet mellom skulen og Bedriftshelsen AS på arbeidsmiljøet heldt fram.

Arbeidet med oppfølging av sjukemeldte i alle avdelingar gav resultat i at tilsette kom heilt eller delvis tilbake i arbeid. Vi fekk også tilsette med ny kompetanse inn i sektoren.

Både barnehage, skule, sfo, klubb, kulturskulen og biblioteket har hatt positiv utvikling når det gjeld fråvær. Auka kompetanse, auka trivsel, betre samhandling og styrka kvalitet i det førebyggjande arbeidet er grunnar til dette.

## Beredskapsarbeid i sektoren

Kultur har arbeidd med ROS-analyser og laga beredskapsplanar for både idrettshall, kulturhus og symjehall.

Barnehagen har også arbeidd med ROS og har revidert planen. Skulen sin står for dør. Barnehagen har gjennomført ei skrivebordsøving knytt til alvorlege hendingar, som skyteepisode, gisselsituasjon og bombeangrep, som er nytt etter loven.

## Gjennomførte tilsyn i sektoren

I løpet av 2025 er både tilsynet med «Trygt og godt skulemiljø» frå

Statsforvaltaren og “Arbeidsregelverk Gimle skule og SFO” frå Arbeidstilsynet lukka og avslutta.

# Sektor for helse og omsorg

## Innleiing

Fyresdal kommune har eit lovpålagt ansvar for å sørge for helse – og omsorgstenester til innbyggjarar og dei som vitjar kommunen. Sektoren har eit aktivt fokus på å utvikle og forbetre helse – og omsorgstenestene til ein kvar tid og gjeld heile livsløpet.

Sektor for helse og omsorg leverer ulike type tenester gjennom heile døgnet og gjennom heile året. Det krev at tenestene er robuste, fleksible og evnar å tilpasse seg dei endringane som skjer i samfunnet. Då er det avgjerande at tenestene vert tilpassa framtidens behov og krav.

Sektoren er dela i tre avdelingar. Det er Fyresdal pleie og omsorgssenter med kjøkken og vaskeri, heimetenesta: heimesjukepleia, heimehjelp og teneste for funksjonshemma og avdeling helse.

I kommunalsjefen sin stab ligg tenestekontoret og frivilligsentralen.

## Hovudtrekk og utviklingstrekk i sektoren

2025 har vore eit år med stor aktivitet på alle avdelingar innan sektoren.

Nordsjøturnusordninga har vore i drift sidan april 2023. Etter to år i drift skulle det gjennomførast ei større evaluering. Det vart nedsett ei prosjektgruppe som skulle kartlegge korleis ordninga fungerte både blant innbyggerane og dei tilsette.

Evalueringa av Nordsjøturnusordninga viser generell positiv respons. Den blir opplevd som trygg og viktig samtidig som den peikar på forbetningsområder.

Ordninga med ein alternativ bemannings- og arbeidstidsmodell for allmennlegetenesta- Nordsjøturnus har ført til at det no er enklare å rekruttere fastlegar til stillingane i Fyresdal kommune. Det høge tal på søkarar til dei utlyste stillingane visar dette.

Ordninga sikrar kontinuitet, kompetanse og kvalitet i fastlegetenesta, til det beste for kommunens innbyggjarar. Samtidig som det har gjeitt eit markant lyft i legevaktstilbodet, nærleik og trygge løysingar, utan svært lang reiseveg. Det gjev og betre arbeidstilhøve for tilsette legar og anna personell i helse- og omsorgssektoren, og eit klart betre tilbod til kommunen sine innbyggjarar. Den 12.12.2025 vart det vedteke i kommunestyret at Fyresdal kommune etablerer Nordsjøturnusordninga som ei fast ordning.

Tal pasientar på fastlegelistene har auka, men vi har framleis ledige plassar på lista til nordsjølegane.

Det blei på slutten av året tilsett ny kommuneoverlege, som startar i mai 2026.

I høve til legevaktsbesøk har vi hatt 375 konsultasjonar på legevakt, fordela på konsultasjon, telefonkonsultasjon og sjukebesøk. Det er 42 gjestepasientar som har fått hjelp på legevakta vår.

Det er gjennomført 299 ulike konsultasjonar/oppfølgingar på helsestasjonen. Skulehelsetenesta har hatt kontakt med 43 elevar. Ein står i meir ressurskrevjande saker enn tidlegare. Sjukepleiar har ein fast kontordag per veke på skulen og er fast med på oppvekstteam. Deltok også i møter saman med PPT i barnehagen.

Det vart utført 489 ulike tenester på helsestasjon, i skulehelsetenesta, via telefoner, heimebesøk, barnekontrollar, møter og veiledningar.

Fleire born frå 0-20 år har hatt behov for ekstra oppfølging utover standard program, dette ser vi og er aukande. Tilflytting av flyktingar krev og ressursar knytt til samtaler, ekstra vaksiner, oppfølging og kartlegging.

Saman med frivilligsentralen vart det arrangerte sommaraktivitetar for ungdom, noko som var eit veldig positivt tiltak.

I høve til psykisk helse og rustenesta er det no fast tilsett fagansvarleg psykisk helse og rus. Tenesta har hatt oppfølging av nærmare 46 personar gjennom året. Mange har samansette helseutfordringar, og generelt store livsbelastningar. Det er variasjon i behov for hyppigheit og varigheit av den individuelle oppfølginga. Pågangen har vore jamn gjennom året.

Frå januar har begge fysioterapeutane jobba i 100 % stilling. Ventelista er og har vore lang. Det er forsøkt med ulike tiltak for å få ned lista, nokre har fungert andre ikkje.

Frisklivsgruppene herre og dame og torsdagsgruppe har godt besøk. Kommunen har barseltrim. Eit kurs på vår og eit på haust med påmelding.

Det har i løpet av året vert starta opp mindre treningsgrupper i kortare periodar, som parkinsongruppe og gå gruppe, med pasientar som har vist interesse og vurdert kunne få nytte av eit slikt tilbod.

Tal konsultasjonar/ timar	
Institutt/ Fysioavdelinga	1216
Born	208
Heimebesøk	260
POS	165
Treningsgrupper	141

Heimesjukepleia har hatt eit jevnt trykk med brukarar gjennom året. Tenesta er opptekne av forebygging og mestring for den enkelte brukar. Det har vore auka fokus på individuelle behov og forebyggjande tiltak, for at sårbare pasientar, skal kunne bu heime til trass for alvorleg sjukdom.

Heimesjukepleia ser ein aukande trend i at ein skal handtere og følgje opp meir komplekse helsetilstandar. Heilhetelege pasientforløp blir nytta. Godt samarbeid med POS er avgjerande. Tenesta har teke imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus fortløpande, og har ikkje hatt overliggerar.

Tenesta er i endring i høve til å ta ibruk meir velferdsteknologi. Befolkninga må planlegge eigen alderdom slik at dei kan utsette behovet for hjelp lengst mogeleg.

Teneste og tiltak for funksjonshemma (TTF) gjev tenester til personar med ulik funksjonsnedsetting . Tøddestogene er eit bu- og avlastningstilbod, og det har blitt gjeve tenester til 5 brukarar gjennom året. Det har blitt arbeidd med å få til eit arbeidstilbod for enkelte brukarar.

På Fyresdal pleie og omsorgssenter (POS) er årsturnus innført for alle.

Det har vore brukarar av både dagtilbod for eldre og dagtilbod for eldre heimebuande med demens gjennom heile året. Kultur og aktivitetsarbeidaren har bidrege med aktivitetar og kulturtilbod for bebuarane på POS og dagpasientane.

Lydisolert rom er no ferdig med ny takheis. Signalanlegget (BEST) har blitt oppgradert, med trådløst system og mobilar til personalet. Velferdsteknologiske løysningar kan knytast til dette.

Det er og blitt investert i elektronisk dørlås med tilgangsstyring til medisinerrommet.

To nye vaskemaskiner samt ny tørketrommel er på plass på vaskeriet: Vi har god kapasitet til å ta imot vask også frå innbyggjarane.

Kjøkken og vaskeri har laga og levert mat til alle pasientane på POS gjennom året, samt heimebuande med tenesta matombringning. Dette har vi eit godt samarbeid med frivillige for å få til.

Tenestekontoret behandlar søknadar, evaluerer og avsluttar tenester. Tenestekontoret behandlar vederlag, etteroppgjer og evt. klagebehandling.

Helse og omsorg	2022	2023	2024	2025
Vedtak tenestekontor	364	414	323	394

Arbeidet med å behalde og rekruttere kompetanse har kontinuerleg fokus. Vi har, som alle andre kommunar, ein turnover, på alle avdelingar.

Vi har gjennom året hatt fleire innbyggjarar i arbeidspraksis på ulike avdelingar i sektoren.

Fyresdal frivilligsentral har eit årsverk som dagleg leiar samt eit styre.

Fyresdal Frivilligsentral har som mål legge til rette for ulike aktivitetar som kan gje gode møteplassar for innbyggjarar i alle aldrar, uansett nasjonalitet, religion og økonomisk status. Sentralen jobbar for at tilboda skal opplevast som arenaer det er lett å kome til, som er inkluderande og kan gje innbyggjarane noko meningsfullt å fylle fritida si med.

Fyresdal frivilligsentral har 23 aktivitetar i sitt system, der 30 – 40 ulike personar bidreg med frivillig arbeid og gjer møteplassane gode. Aktivitetane famnar i underkant av 200 ulike personar, om vi ikkje tek med stolpejakta.

Det meste av aktivitetane er finansiert med eksterne midlar, og derfor er aktivitetane som blir tilbydd ofte eit resultat av kvar ein får tak i midlar, og kva som er formålet med utlysingane ein søker på.

## Måloppnåing i høve til budsjettmåla

### Mål for 2025

- Legge til rette for at flest mogleg kan bu i eigen/egna heim lengst mogleg
- Gje behandlings- og diagnostiseringstilbod nærare brukarane der det er mogleg
- Legge til rette for kompetansehevande tiltak som gjev utvikling og ny kunnskap som kan implementerast
- Kontinuerleg utvikling av kommunen si tenestetrapp/innsatstrapp, der vi legg til rette for førebygging i alle faser.
- Vi skal ha fokus på å forbetre inntektene til kommunen

### Måloppnåing i 2025

I høve til å tilrettelegge for at innbyggjarane kan bu lengst mogleg i eigen heim har vi stort fokus på individuelt tilpassa løysingar også når det gjeld helseteknologiske løysingar for den enkelte.

Helsetenesta skal satse på og vidareutvikle velferdsteknologiske løysingar. Dette har vi stort fokus på og er derfor med i ei rekke nasjonale og regionale innføringsløp.

Grunna at Telenor sitt 2G nett skal avviklas har vi bytt ut mange av trygghetsalarmane i år, det gjenstår no 13 alarmar å bytte. Vi har totalt 62 aktive alarmar.

Målet om å teste ut digital heimeoppfølging (DHO) på 3 brukarar har vi ikkje nådd. Vi har testa ut DHO på ein brukar. Dette har vore eit tett samarbeid mellom heimsjukepleia og avdeling helse.

Målet om å gje ut informasjon til innbyggerane x 2 pr. år har vi nådd. Informasjon for å førebu innbyggerane våre på at vi går ei ny tid i møte er viktig så dette vil vi fortsette med.

Vi jobbar stadig med å utvikle det forebyggande arbeidet i sektoren og på tvers av sektorane. Helsesjukepleiar og koordinator forebyggande arbeid har tett samarbeid med kultur og oppvekst samt frivilligsentralen.

SLT modellen (3nivå-modell) er no på plass og fungerer på alle tre nivå. Absoluttprogrammet er avslutta.

Foreldreveiledning COSP er no sett i system. Det er halde foreldrekurs i to omgangar. Kursar har vore fulle og tilbakemeldingane er gode.

Tenesteomtale og kriteria for tildeling av tenester er viktig informasjon til innbyggjarane og vil medverke til å harmonisere forventingar hjå innbyggjarane, til det som er det reelle nivået på tenestene i Fyresdal kommune.

Det er gjennomført forebyggande heimebesøk til personar 75 år.

Fyresdal kommune treng ein langsiktig strategi for helse og omsorg som støttar opp nasjonale og lokale føringar. Det er behov for ein helse og omsorgsplan som gjev sektoren tydelege mål, retning og føringar for korleis vi skal planlegge og drifte tenestene våre framover. Dette arbeidet er i gang med mål om å legge fram planen før sommaren 2026.

Det finnast ein rekke reformar og meldingar innan helse og omsorg, som alle peikar på utfordringsbiletet kommunane står overfor framover- demografiutfordringar og for få hender er stikkord her.

Dei økonomiske rammene til kommunen blir mindre, og vi har krav på oss til å drifte effektivt og godt. Sjølv kor god økonomi vi eventuelt må ha, så er utfordringane rundt mangel på personell og aktuell kompetanse så kritisk, at det ikkje går å kjøpe seg ut av det.

Det er sett stort fokus på vi- tanken både i kommunen generelt og innan kvar sektor. Det å samarbeide og nytte ressursane best mogleg i eigen sektor og på tvers av sektorar for barn og unge med auka tenestebhov gjev ein gevinst samt vi får eit meir robust tilbod.

I sektoren har vi hatt stort fokus på å søkje på tilskot, både i høve til prosjekt samt for å styrke tenestene.


Til saman har vi fått over 4,5 millionar i år.

Vi har søkt tilskot til styrking av legevakttenesta, Kommunalt rusarbeid, Styrking av helsestasjonen og skulehelsetenesta. Oppfølging av barn og unge med psykiske helseutfordringar og rusmiddelrelaterte problem, foreldrerettleiing samt tilskot i høve til legar som er under spesialisering i allmenmedisin( ALIS tilskot).

## Økonomisk resultat

	2023	2024	2025
<b>UTGIFT</b>	88250	76760	78594
<b>INNTekt</b>	29753	20096	19544

Tabell 17. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 4 Inntekt og utgifter i tusen

Helse og omsorg er ein stor sektor med døgndrift på fleire avdelingar, dette krev bemanning 24/7/365 Grunna fokus på forsvarleg drift har ein ikkje kome unna at det har vore noko sjukefråvær, både korttid og langtid. Det har derfor vore naudsynt med innleige og somme gonger har det ført til overtid. Både den tilsette og vikar skal ha løn og refusjon frå NAV dekker ikkje opp totalen. Dette har resultert i eit overforbruk på løn.

Det er budsjettert med meir tilskotsmidlar enn vi fekk i høve til ressurskrevjande brukerar.

På POS har det vore lågare belegg enn tidlegare år. Vi har teke imot gjestepasientar frå nabokommunar, med totalt 89 gjestedøgn.

**Liggedøgn statistikk Total: 73,32%**

Avdeling	Belegg 2024	Belegg 2025
Somatisk	94,60%	67,08%
Demens	96,28%	82,67%

Tabell 18.

## Status på prosjekt

Vi er ein del av simuleringsprosjektet, som er eit samarbeidsprosjekt med dei andre kommunane i Vest – Telemark kommunane samt tre andre kommunar. Vi har i år fått ein ny fasilitator samt to nye HLR instruktørar.

I prosjektstillinga innan psykisk helse og rus, finansiert av tilskotsmidlar, har vi tilsett ein miljøarbeidar. Miljøarbeidaren jobbar tverrfagleg og førebyggjande i høve til unge vaksne og vaksne. Miljøarbeidaren har jobba tett opp mot kultur og oppvekst.

Vi har sett eit behov for sette folkehelsearbeid og forebyggjande arbeid i system samt å styrke helsestasjonen og skulehelsetenesta med fokus på tideleg innsats og tverrfagleg samarbeid. Vi har søkt prosjektmidlar og har no tilsett prosjektleiar forebyggjande arbeid.

## Digitaliseringsarbeid

Fyresdal kommune deltek i alle dei nasjonale og regionale innføringsløp som er iverksett knytt til digitalisering.

Signalanlegg på POS er no oppgradert.

## HMS og sjukefråvær i sektoren

Alle avdelingar har kontinuerleg fokus på sjukefråværsoppfylgning, og det er stort fokus på godt arbeidsmiljø.

Kontrollutvalet bestilte våren 2025 ein forvaltningsrevisjon som skulle undersøkte om kommunen har tiltak for å sikre at bemanninga på POS og i heimsjukepleia er tilstrekkeleg. Samt har tiltak som sikrar at sjukefråvær vert førebygd og fylgt opp i samsvar med gjeldane krav. Rapporten kom med nokre konklusjonar og tilrådingar. Rapporten er fylgd opp og skriftleg tilbakemelding er levert kontrollutvalget.

Det er ein viss turnover på alle avdelingar, men vi har ei stabil kjerne. Vikartilgangen blir kontinuerleg jobba med.

Vernerunde er utført på dei avdelingar som skal gjennomføre dette, tiltak er iverksett eller planlagt på avdekka avvik.

Det er gjennomført 10- faktor på alle avdelingar og dette skal jobbast vidare med 2026.10- faktor er ein medarbeidarundersøking og blir bruka som verktøy for å kartleggje og utvikle arbeidsmiljøet med mål om å skape gode arbeidsmiljø og styrkje organisasjonskulturen.

Det har vore utført branntilsyn på POS saman med teknisk avdeling og det blir gjennomført brannopplæring med nyttilsette og vikarar jamleg.

I høve til å sikre forsvarleg og lovleg legemiddelhandtering har farmasøyt frå sjukehuset halde grunnkurs og oppfriskningskurs i høve til legemiddelhandtering for assistentar, helsefagarbeiderar og sjukepleiarar/ vernepleiar.

Medarbeidarsamtalar er utført på dei ulike avdelingane gjennom året.

## Gjennomførte tilsyn

Heimetenesta fekk melding om tilsyn av arbeidstilsynet i mars, tilsynet gjekk på rutinar og planar kring vald, risiko for vald og uheldige psykiske belastningar. Tilsynet såg også på den systematiske kartlegginga i avdelinga på muskel/skjelett plager og psykiske plager. Tilsynet vart gjennomført i mai der vi fekk nokre pålegg å rette opp i. Det vart jobba konstruktivt med dette og alle pålegg vart oppfylt i oktober.

# Sektor for plan og teknikk

## Innleiing

Sektoren har totalt om lag 36 tilsette, fordelt på rundt 21 årsverk.

### Hovudoppgåvene i sektoren:

- Drift av kommunal infrastruktur, inkludert kommunale vegar
- Reinhold av kommunale bygg og innleigde lokale for kommuneadministrasjonen
- Forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, oppmåling, byggesaker, landbruk, skogbruk, brann og redning
- Drift av vatn- og avlaupstenester

### Plan, bygg og oppmåling sine oppgåver:

- Oppmålings-, fradelings- og byggesaker
- Drift av kartdatabasar og eigedomsinformasjon (GIS)
- Handsaming av innsendte planforslag
- Utarbeiding av eigne plansaker og kommuneplanen sin arealdel
- Rådgjeving og rettleiing i arealplansaker og byggesaker

**Årsverk:** 3

### Landbruk- og skogbrukskontoret sine oppgåver:

- Landbrukstilskot: rådgjeving, søknadsbehandling og kontroll
- Jordlovsaker og konsesjonssaker
- Tiltak i landbruket og frådelingar

Landbrukskontoret forvaltar bygdeutviklingsmidlar (tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar), spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), utvalde kulturlandskap (UKL), nærings- og miljøtiltak i skogbruket og skogfond. Kontoret arbeider også med skogsbilvegar, viltforvaltning og rettleiing.

**Årsverk:** 2

### Tekniske tenester sine oppgåver:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av:
- Kommunale bygg og eigedommar
- Utleigebustadar

- Vatn- og avlaupstenester med tilhøyrande leidningsnett
- Vegar og uteområde
- Prosjektansvar for kommunale byggje- og anleggsprosjekt

**Årsverk:** 6,6

#### **Reinhald sine oppgåver:**

- Fagansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling innan reinhald av kommunale bygningar.

**Årsverk:** 8,4

## **Året i hovudtrekk**

2025 har vore eit år prega av stabilisering, utvikling og målretta arbeid etter leiarskifta i 2024. Det var og i 2025 eit leiarskifte då ny avdelingsleiar for tekniske tenester vart tilsett etter at stillinga hadde vore mellombels i eitt år. Stillinga vart fylt av ein intern kandidat, noko som bidrog til ein smidig og sømlaus overgang. Med nye leiarar godt etablerte i rollene, har sektoren hatt auka gjennomføringsevne og tydelegare prioriteringar.

Det systematiske arbeidet med å styrke dagleg drift har gitt gode resultat. Faste rutinar er i stor grad innarbeidde i organisasjonen, noko som har bidrege til meir føreseieleg drift, betre samhandling og auka kvalitet i tenestene.

Modernisering av geodataarbeidet er vidareført og har gitt betre datakvalitet, meir effektive arbeidsprosessar og betre grunnlag for planlegging og saksbehandling. Dette har styrka sektoren si rolle som premissleverandør i areal- og utviklingsaker.

Innan tekniske tenester har ein oppnådd betre ressursutnytting gjennom auka bruk av eigne vaktmeistertenester og redusert behov for innleigde snekkartenester. Dette har gitt både økonomiske gevinstar og betre kontroll på oppgåveløysinga.

Reinhaldstenesta har hatt gjennom heile 2025 hatt ein sjukemeld avdelingsleiar. Arbeidet med profesjonalisering, med betre struktur, kompetanseheving og meir einsarta praksis, har ikkje hatt det fokuset som var planlagt.

Sektoren har i 2025 vore aktivt involvert i vidare arbeid knytt til mogleg næringsetablering, inkludert planlegging og førebuingar til eit eventuelt datasenter. Arbeidet har synleggjort behovet for rett kompetanse og kapasitet, og det er sett i verk tiltak for å styrke både intern kompetanse og samarbeid med eksterne fagmiljø.

Arbeidet med å profesjonalisere tenestane overfor innbyggjarane er vidareført og styrka. Det er lagt vekt på lik praksis, tydeleg rettleiing og kvalitet i vedtak, noko som bidreg til auka tillit og ei meir effektiv forvaltning.

Samla sett framstår plan- og teknikksektoren i 2025 som meir robust, strukturert og framtidsretta, med betre føresetnader for å møte både dagens og framtidige behov.


## Måloppnåing:

- **Fagleg og rask tilbakemelding til alle som tek kontakt med tenesta.**
  - Eit kontinuerleg fokus som sektoren er bevist på.
- **Ha ei kommunal bygningsmasse som ikkje eldast meir enn naturleg.**
  - Bruk av Laft programvare blir stadig meir bruka til å ha denne oversikten.
- **Legge til rette for at området Hamaren er godt vedlikehalde.**
  - Godt arbeid av teknisk sørger for dette.
- **Århusjordet er klar til å bygge bustader på.**
  - Ferdigstilt i 2025.
- **Legge til rette for fleire kommunale bustadeiningar**
  - Overtaking av Skogtun
  - Vedtak om kjøp av areal i Tøddelia/Tøddebakkane
- **Oppdatert planregister, ny arealdel av kommuneplanen vedtatt.**
  - Planregister oppe og går, arealdel utsatt pga. kva slags behov vil komme i høve til kva slag næringsetablering vil kome.
- **Utnytte fordelane ved å ha eit oppdatert internkontrollsystem på plass.**
  - Store fordeler å ha dette på plass for å sikre likebehandling og rett saksbehandling.

## Økonomisk resultat 2025

	2023	2024	2025
<b>UTGIFT</b>	50810	49381	52171
<b>INNTEKT</b>	27850	27548	29964

Tabell 19. Inntekt og utgifter i tusen



Figur 5. Inntekt og utgifter i tusen

Sektoren har eit meirforbruk på ca. kr 2 900 000, hovudsakleg grunna:

- Svikt i leigeinntekter for kommunale og innleigde bustadar
- Stor vedlikehaldsutgifter V/A
- Deltaking i utvida beredskapssamarbeid Vest Telemark Brannvesen.

## KOSTRA-tal og andre nøkkeltal for sektoren

Årsgebyr for avløpstjenesten – ekskl. mva. (kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	7 848	7 848	8 792	9 232	9 232

Tabell 20. Årsgebyr avløp

Årsgebyr for vannforsyning – ekskl. mva. (kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	4 560	4560	5 520	5 796	6 695

Tabell 21. Årsgebyr vatn

Årsgebyr for avfallstjenesten – ekskl. mva. (kr)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	2 040	2 104	2 272	2 500	2 800

Tabell 22. Årsgebyr renovasjon

Antall bygningsbranner (antall)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	1	4	4	3	2

Tabell 23. Bygningsbrannar

Husholdningsavfall per årsinnbygger (kg)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	502,9	402,5	373,8	404,8	380,0

Tabell 24. Avfall pr. innbyggjar

Andel levert til materialgjenvinning inkl. biologisk behandling (prosent)	2021	2022	2023	2024	2025
Fyresdal	28,8	33,9	37,4	39,8	51,6

Tabell 25. Andel avfall til materialgjenvinning

## Status for prosjekt i sektoren

Status for investeringsprosjekta:

- Lydtett rom POS ferdigstilt, på ramme.
- Samfunnshuset ferdigstilt, innanfor ramme.
- Signalanlegg POS, innanfor ramme.
- Kjøleanlegg POS, innanfor ramme.
- Århusjordet, innanfor ramme.
- Oppgradering kommunale vegar, ca. kr. 100.000,- over ramme

## HMS og sjukefråvær

Utanom eit langtidssjukemeldt tilfelle er sjukefråværet i sektoren lågt.

## Beredskapsarbeid og tilsyn

Ingen tilsyn i 2025.